



ARNA ROTARY KLUBB - MÅNEDSBREV AUGUST 2017

KLUBBMØTE 07.08.17

3 min:

Ingen 3-minutter denne gang pga sommerferie.

Dagens tema:

Annen info:

Sveinung orienterte om krokketkvelden 18. august med start klokken 17. Det vil bli servert gropekøkt lam og servert vin. Det blir mye mat og nok mat slik at ingen trenger å spise middag før de kommer. Nils sier at vi kan parkere på hans eiendom. Prisen for krokketkvelden er kroner 300 pr. person

Vibeke har sjekket billetter til sykkel-VM. Prisene er ganske heftige og etter at hun har sendt ut meldinger til klubbens medlemmer, er det ikke kommet noen påmeldinger. Det kom det heller ikke på kveldens klubbmøte.

Synnøve anbefalte i stedet Arna sykkelklubbs familiearrangement 27. august og det får klubbens medlemmer nærmere info om.

Resten av møtet var pratemøtet. Messeavisens redaksjonsgruppe holdt da et redaksjonsmøte og fordele oppgaver.

Referent:

Audun

KLUBBMØTE 14.08.17

3 min:

Odd framførte eit inspirerande og interessant samandrag av Yuval Noah Harari si bok «Sapiens» (Homo sapiens= det kloke mennesket) og kom med ei sterkt tilråding om å lesa denne. (Harari er doktor i historie ved Oxford univerity). Boka tek føre seg menneskets utvikling fram til i dag.

Oppfølgar til boka – «Homo deus»(tyder overmennesket/gudemennesket) - kjem ut på norsk i år. Her prøver forfattaren å sjå inn i framtida – kanskje det kan finnast noko av interesse der og?

Dagens tema:

Komiteene arbeider.



Annen info

Leiar i Arna Bjørnar , Synnøve Lien, orienterte om Arna sykkelfestival 27.august – der Arna Bjørnar og Arna Sykkelklubb står som arrangør. Ho oppmoda AR-medlemer til å stilla som frivillige på arrangementet (aktuelle arbeidsoppgåver: Vakter og servitørar.) Presidenten avslutta møtet med velfortent heider til komiteen for «Roundtrip» for eit flott opplagt program. Pressemelding er send til Bygdnytt. Avslutning: Stor applaus til komiteen.

Referent:

Tor

KROKETT-TURNERING 18.08.17

Då verten etter ein velkomstdrink drog i gang festen i samband med Arna Rotary si årvisse krokett-turnering på Haukeland ,var det lite som tyda på at deler av arrangementet skulle gå føre seg under vatn. Lag 1 t.o.m. 12 fekk gleda av å starta turneringa og koma i mål før himmelens sluser brått opna seg. Grillmeister Sveinung og hans grillmannskap (Tor I, Arvid og Oscar og Arvid) gjorde sitt beste for å få fyr på grillane - men mangel på grillkol medførte at verten og underteikna måtte rykkja ut til kjøpstaden for å henta meir. At servering med dette vart litt forseinka la ingen dempar på stemninga . Det gjorde derimot plaskregnet då lag 13-t.o.m. 23 kom på banen. Enkelte deltakarar fann baneforholda så vanskelege at dei gav opp ,søkte dekning og let konkurrentane ta seg uanstrengt vidare til neste runde. Då den velsmakande maten/vinen vart servert tok stemninga seg opp att og praten kring bordet gjekk livleg kring kvardagslege emne så vel som taktiske opplegg før neste runde. Etter maten var det klart for semifinaler der evna til å ta seg fram i våtmark vart avgjerande. Dei 3 laga som gjekk til finalen var : Anne/Lars/ ,Bjørn S /Karstein,Svein Erik/Tor S Etter kvileøkt med kaffi og velsmakande sveler vart heile forsamlinga kalla ut for å bivåna ein finalethriller som knappast er sett maken til. Eit nytt reglement opna for ein aggressiv spelestil . Ein av deltakarane vart så motlaus at han i sluttspillet kom med ei gråtkvælt oppmoding om å endra reglane sporenstreks.Opphaldsveret som brått oppstod kan ha æra for at bataljen omsider fekk ei verdig avslutning og at deltakarane kom ifrå det med moderate skader . Svein Erik sine taktiske disposisjonar og avslutningseigenskapar vart til slutt avgjerande for at han til liks med sin medsamansvorne kunne innkassera vin(n)ar-trofeet av årgang 2012 til øyredøyvande applaus frå eit entusiasztisk publikum. Etter dette ebba festen naturleg ut . Stor takk til verten Sveinung og medhjelparane hans for eit vel gjennomført arrangement. Vidar stod som vanleg for kyndig utval av velkomstdrink ,vin til maten og premie til krokettvinnarane.

Bilder fra arrangementet er lagt ut på vår Facebook-side.

Referent:

Tor



KLUBBMØTE 21.08.17

3 min:

Ingen 3 min

Dagens tema:

Presidentens time, med oppsummering av klubben sine viktigaste oppgåver dette Rotaryåret.
Gjennomgang av oppgåver for dei ulike komiteane, i samsvar med tidlegare distribuert materiale.

Annen info

Orientering om planlegging av PETS 2.-4.mars 2018 på Fleischers hotel, Voss.

Referent:

Aksel

KLUBBMØTE 28.08.17

3 min:

Ingen 3-minutter.

Dagens tema:

I dag var det bedriftsbesøk på Herlandsfoss kraftverk på Fotlandsvåg, Osterøy.
Med på turen var 11 medlemmer og 2 ledsagere som ble ønsket velkommen av Tobby Sander Tomassen fra Osterøy Utvikling.
Hun ga oss en kort orientering om de planer for utvikling av området det jobbes med fra Osterøy Utvikling. Planene omfatter bla en opplevelsespark og har et totalt investeringsbehov på ca 100 mill kroner. Dette er tenkt finansiert gjennom bidrag fra lokale og eksterne investorer og det forventes en avklaring på videre arbeid og omfang ved kommende årsskifte.
Vi fikk deretter en omvisning i den gamle kraftstasjonen som ble bygget i 1916 og ble tegnet etter modell av Rosenkrantztauet i Bergen. Kraftverket var i utgangspunktet tenkt å forsyne lokal industri med strøm, bla produksjon av salt på Saltverket like vest for Fotlandsvåg. Den gamle kraftstasjonen en nå en av få «bevaringsverdige» kraftstasjoner i Norge.
Turen hjem til Øyrane gikk via Storavatnet og «gamleveien» via Gjerstad så det ble også en flott sightseeing på Osterøy.

Annen info

Referent:

Trond